



Styret i 2022

Styremedlemmer

Hildegunn R. Gjelsvik	Leiar	Eikås UL	På val i 2023
Knut P. Bøyum	Nestleiar	Fjærland UL	På val i 2022
Jorunn Sundal	Kasserar	Førde UL	På val i 2022
Inge Masdal	Styremedlem	Førde UL	På val i 2023
Olaf Skjerdal	Styremedlem	Undredal UL	På val i 2023
Asbjørn Eikerol	1. vara	Dale UL	På val
Anne Tykhelle	2. vara	Haugen UL	På val
Arve Slettenes	3. vara	Fjelli UL	

Valnemnd

Arve Hornes og Annbjørg Førde	Førde UL	På val
-------------------------------	----------	--------

Revisor

Ingvar Linde	Nesse UL	På val
--------------	----------	--------

Styremøte

Styret har gjennomført tre styremøte med personleg oppmøte i løpet av 2022.

Styremøta har vore haldne på Skei.

I tillegg har det vore kontakt på telefon, SMS og e-post mellom styremøta.

Styret har vore spesielt opptatt av ny tilsetjing av medarbeidar, etterdønningane av koronautbrotet og dette påverkar lokallaga. Julehefta er òg tidkrevjande arbeid. Christoffer Knagenhjelm har vore leigd inn frå Noregs Ungdomslag og har særleg fylgt opp Huset i Bygda og kontakten med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

At SOFUL frå 2021 er inne på det driftsbudsjettet til Vestland fylkeskommune gjer at styret meiner at det er lagt eit godt grunnlag for den vidare drifta av SOFUL.

Referat frå styremøta vert lagt ut på www.soful.no/referat

Foto på framsida: Arne Sølvberg, årsmøtet i Sogn og Fjordane Ungdomslag 2022.

Samandrag av 2022

Året har vore prega av omstilling i SOFUL. Christoffer Knagenhjelm slutta i stillinga våren 2022 og det har vore jobba mykje etter dette med å finne ny medarbeidar. Hausten 2022 var SOFUL i dialog med Ida Søderstrøm som m.a. er sterkt engasjert i Dale Ungdomslag, i Fjaler kommune, om å ta over engasjementet i SOFUL og HiB – Vestland etter Knagenhjelm. Førebels er Ida engasjert i ein 50% stilling fram til juni 2023. Styret i SOFUL er svært glad for å ha Ida som ny medarbeidar.

I mellomtida har Christoffer vore leigd inn frå NU til å følgje opp HIB – Vestland og arbeid som har vore igangsett. Samstundes har manglande kapasitet gjort at mykje planlagt arbeid har vorte forskyva til ny medarbeidar var på plass. Dette gjeld m.a. utdeling av aktivitetsprisen.

Det er svært gledeleg å sjå at det er vekst i medlemstala hjå lokallaga i 2022 etter nokre år med tilbakegang i medlemstala. Dette er ein trend vi håper vil fortsetje framover.

Elles har HiB vore prioritert arbeid og å følgje opp samarbeidet med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Vi er svært nøgd med auke i søknadsmengda til gåvetilskot, både når det gjeld større bygningsmessige tiltak og mindre tiltak. I tillegg har vi prioritert arbeid med å utvikle statistikkportal for gåvetilskot.

Portalen gjev oversikt over søknadar frå 2016 og det er mogleg å laste ned talmateriale for dei som har bruk for dette, som t.d. offentleg forvaltning.



Ida Søderstrøm, som er tilsett frå 2.3.2023 i prosjektstilling.

Årsmøtet 2021

I 2022 var det endeleg mogleg å arrangere normalt årsmøte.

Årsmøtet vart arrangert i Fjellvarden Ungdomshus og vertskap var Fjelli Ungdomslag.

Totalt deltok 13 deltakarar, som representerte lag frå Førde, Undredal,, Fjærland, Nordfjordeid (Haugen), Eikås (Jølster) og Fjell (Stryn).

Landsmøte

23-14. april var det landsmøte i Noregs Ungdomslag. Frå SOFUL deltok Inge Masdal og Jorunn Sundal. Det var eit godt landsmøte der m.a. debatt om endring av språklova i NU var stort tema. Denne debatten enda med at styret i NU endra framlegget sitt, slik at nynorsk framleis skal vere førande for tilsette i NU.

Landsrådsmøte

I 2022 deltok ikkje representantar frå styret i Sogn og Fjordane på landsrådsmøtet.

Samarbeid med andre aktørar

Førdefestivalen

Christoffer Knagenhjelm vart valt inn som styremedlem i 2019 og tok attval i 2022. Etter to år med pandemi var det endeleg mogleg å gjennomføre ein ordinær festival, sjølv om flystreik rett før pandemien gav mykje meirarbeid for festivaladministrasjonen. Festivalen fekk mykje skryt. Tema, musikk i kriser, var òg svært aktuelt og viktig:



Sevdah-kongen Damir Imamovic fekk ein høyre under Førdefestivalen i 2022

Studieforbundet kultur og tradisjon


Christoffer Knagenhjelm var styremedlem i det nye studieforbundet (avdeling Hordaland og Sogn og Fjordane). SOFUL har etablert eit godt samarbeid med Studieforbundet.

Styringsgruppe for plan kultur, frivilligheit og idrett

Fylkeskommunen har oppretta en styringsgruppe for dette arbeidet.

Her er SOFUL representert ved Christoffer Knagenhjelm.

Opphavleg skulle planen vere ferdig hausten 2022 og gjelde for perioden 2023- 2035. Det er difor viktig at frivilligheita har ein tydeleg stemme i planarbeidet og at planen er relevant for det frivillige kulturlivet. I arbeidet med planarbeidet er det definert ein rekke ulike tema, som klimaomstilling, attraktive stader og gode nærmiljø og ungdoms – trivsel og tilhøyre, som er relevant for frivilligheita.



Høringsutkast
Fylkesutvalet
6. september 22

«Kultur bygger samfunn»

HØYRINGSFRAMLEGG

Regional plan kultur, idrett og frivillighet 2023 – 2035 – Del 1

Samarbeid med andre aktørar

Fagkomité for folkemusikkstipend

Olaf Skjerdal er representant i fagkomiteen på vegne av SOFUL. Formålet med stipenda er å både legge til rette for kunstnarleg utvikling og styrke den immaterielle kulturarven. I 2021 var det tre stykk som fekk folkemusikk-stipend. Det var Lars Tørresen, Arve Berg og Signe Førre.

Hordaland Ungdomslag

Vi har god dialog med Hordaland Ungdomslag (HUL) og det er felles ønskje om å legge til rette for felles samarbeid der det er naturleg. Mellom anna har SOFUL og HUL fått økonomisk tilskot frå Vestland fylkeskommune for utvikle ein modell for korleis regionlaga kan styrke samarbeidet mellom region- og lokallag. Målsettinga er at modellen kan ha overføringsverdi for andre lag og organisjonar som har liknande utfordringar som oss.

Norsk folkemusikklag

Olaf Skjerdal var delegat til årsmøte i Norsk folkemusikklag på vegne av SOFUL.

Osafestivalen

Styret la i 2021 strategi om å nytte Osafestivalen som arena for t.d. barnestemne og opplæring/ instruktørhjelp lokallag som treng inspirasjon eller som ønskjer å starte med barnedans. Vi merker at lokallaga treng mykje støtte og oppmuntring etter koronapandemien. Tross marknadsføring var det berre Fjærland Ungdomslag som deltok på Osafestivalen. Laget vart støtta økonomisk frå SOFUL for å delta. Både barn og vaksne frå Fjærland gav gode tilbakemeldingar på festivalen og vi kjem til å samarbeide vidare med Osafestivalen og håper at fleire lag vil melde seg på framover.

Noregs Ungdomslag

SOFUL/HiB har i fleire år administrert spørjeleiken Kven Veit? på vegne av Noregs Ungdomslag. Dette er ein landsdekkande konkurranse retta mot lokallag i Noregs Ungdomslag. SOFUL får ein økonomisk kompensasjon for arbeidet. Desse midlane vert brukt for å dekke m.a. lønnsmidlar. I 2021 var tema NU 125 år.

Utover dette har vi tett kontakt med Noregs Ungdomslag både når det gjeld medlemsarbeid og Huset i Bygda. SOFUL medverkar òg jamleg med innspel til NU sentralt.

Huset i Bygda

Huset i Bygda (HiB) arbeidar for å løfte fram og synleggjere organisasjonseigde kulturhus som viktige kulturarenaer, og utvikle møtestader og verktøy som kan gjere dei lokale laga til meir kompetente huseigarar.

I 2022 var det framleis naudsynt å fokusere på koronaepidemien. Mange lag og organisasjonar som ikkje har landsdekkande organisasjon i ryggen har tatt kontakt for å få hjelp og rettleiing. I tillegg har vi gitt innspel til nasjonale myndigheiter når det gjeld kompensasjonsordningar og konsekvensar av pandemien.

Samarbeidet med Vestland fylkeskommune er særst godt. Frå 2021 er SOFUL OG HiB inne på driftsbudsjettet til fylkeskommunen. Dette har medverka til å gjere planlegging og handlingsrommet til både SOFUL og HiB meir føreseieleg.

Det er viktig at vi klarer å vidareføre det gode samarbeidet også i framtida.

HiB har ansvar for Hordaland, på same måte som Sogn og Fjordane i dag. Viktig del av arbeidet er registrering av organisasjonseigde hus i databasen. Så langt har vi grovkartlag 513 hus i Hordaland, mens 99 hus er ferdigregistrert i databasen.

På grunn av koronarestriksjonar og at vi har jobba med nyttilsetjing har det ikkje vore mogleg å arrangere hussamlingar, men vi har kontakt og hjelper lag og organisasjonar på telefon og e-post.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har i fleire år vore viktig for å betre dei økonomiske ramane for organisasjons-eigde husa. I 2019 overtok HiB ansvaret for å administrere gåveordninga som går til bygningsmessige tiltak frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

I 2022 har Sparebankstiftinga auka tilskotet til 2 000 000,- til HiB. Ordninga er særst ettertrakta og HiB er glad for at Sparebankstiftinga prioriterer dette i sitt arbeid.

Til saman fekk HiB inn 86 søknadar og 31 vart godkjent i 2022. SOFUL søkte hausten 2022 om vidareføring av samarbeidet og er svært nøgd med at stiftinga har auka tilskotet til HiB til 2,5 mill. kr. for 2023.

Dette viser at det framleis er stor vilje til renovering og utvikling av husa, tross koronaepidemien.

Vi har òg eit godt samarbeid med Noregs Ungdomslag. Frå 2021 er Christoffer Knagenhjelm tilsett i NU sentralt for å medverke til å utvikle HiB vidare nasjonalt.

Vi viser elles til årsmelding for HiB 2022 og rekneskap for SOFUL og HiB 2022.

Kontakt med lokallag og medie- og politisk arbeid

Lokallag har etterspurd meir hyppig informasjon. Samstundes har vi òg sett trongen for å ha fleire stadar (plattformer) å informere om arbeidet til SOFUL.

Vi kjøpte difor domenet www.soful.no 2017. Nettstaden vert brukt aktivt for å formidle informasjon om ungdomslaget. M.a. vert informasjon om aktivitetar, påmelding, styrereferat og anna lagt ut på nettstaden.

Facebooksida til SOFUL har jamt tilsig av nye brukarar, men lokallag kan framleis bli flinkare

til å følgje sida. Den vert ofte oppdatert med relevant informasjon for lokallaga.

I tillegg er det målsetning at SOFUL skal sende jamleg ut lagsinformasjon (søknadsmoglegheiter mm).

INGEN JUL UTAN JULEHEFTE FRÅ UNGDOMSLAGET!

I BLADA FINN DU KULTURHISTORISK OG LITTERÆRT STOFF FØRT I PENNEN AV LOKALE SKRIBENTAR

HEFTA VERT SELT I M.A. MATBUTIKKAR OG BOKHANDLARAR. TA KONTAKT OM DU IKKJE FINN HEFTA OG VI SENDER I POSTEN

Publiseringsarbeid

Som del av ein leiande kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. SOFUL er òg viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publiserings- og mediarbeid og anna kulturelt arbeid for å ivareta nynorsk som skriftspråk.

Styret i SOFUL legg og ned stort dugnadsinnsats i utkøyring av julehefta.

Jol i Sogn

SOFUL har hatt ansvar for heftet sidan 2008. Dette er eit populært julehefte, Opplaget var i 2022 på 1700. Heftet har eiga redaksjon. Frå styret i SOFUL er Jorunn Sundal og Olaf Skjerdal representert.

Jul i Sunnfjord

Bladet vart fram til 2014 trykt i regi av Sunnfjord Museum og Sunnfjord sogelag. Etter dette vart bladet lagt ned.

Jorunn Sundal tok i 2017 initiativ til at SOFUL skulle reetablere bladet. Styret gjorde avtale Sunnfjord Sogelag om å nytte namnet. SOFUL gir i dag ut heftet som «Sogn og Fjordane Ungdomslag Jul i Sunnfjord».

Opplaget var i 2022 på 1200. Utgjeving av Jul i Sunnfjord er òg del av strategi for å få fleire inntektskjelder for å styrke økonomien i laget.

I redaksjonen var Hildegunn R. Gjelsvik og Jorunn Sundal representert frå SOFUL.

Rekneskap

For rekneskap viser styret til rekneskap for SOFUL.

Studieaktivitet

Tradisjonelt har kursstøtte frå Studieforbundet vore viktig økonomisk incentiv for mange lokallag.

Formålet er å drive opplæring i folkeleg kultur som husflid, handverk, folkedans, teater, kystkultur og lokalhistorie, med meir og Studieforbundet fordeler eit statstilskot frå kunnskaps-departementet. For å kunne søke om kursstøtte må laget vere medlem av landsdekkande organisasjon med medlemskap i Studieforbundet kultur og tradisjon. SOFUL er aktivt medlem av Studieringen Vestland og arbeider for at fleire lokallag skal nytte seg av denne støtteordninga, med kursing og informasjonsarbeid.

Opplæringa går føre seg i aktive læringsfellesskap, og er med på å skape sosialt trygge og trivelege rammer rundt læringssituasjonen.

Kursa går føre seg på mange arenaer og i ulike former – frå eit lite, enkelt kurs, med aktiv deltaking både i eiga og andre si læring, til fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar, formell kompetanse og studiepoeng.

For SOFUL og studieforbundet er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarar over heile landet og forbundet har eit særleg ansvar for vegen til vidaregåande og høgare utdanning.

Sjølv om tala er på veg opp at etter pandemien (i 2021 var det t.d. 299 kurstimer mot 570 i 2022), er det framleis er svært stort potensiale når det gjeld bruk av kursmidlar frå Studieforbundet blant lokallaga våre i Sogn og Fjordane.

	Planlagde		Gjennomførde			
Sogn og Fjordane	Kurs	Timar	Kurs	Timar	Delt.	Tilskot
Lavikdal UL	0	0	7	173	59	13 960
Dale UL	0	0	0	0	0	0
Stadlandet UL	0	0	0	0	0	0
Førde UL	0	0	7	209	105	24 035
Naustdal UL	0	0	0	0	0	0
Bygstad UL	0	0	3	188	18	21 230
Totalt: Sogn og Fjordane			17	570	182	59 225

Oversikt over utbetalte studiemidlar for 2022

Oversikt over lokallag

Medlemstala har svinga dei siste åra. Det er særers gledeleg å sjå at medlemstala har auka monaleg frå 2020 til 2021. Totalt har medlemstalet auka med 20%, frå 869 til 1087 medlemmar. Der 72 personar er under 26.

Dette kan tyde på at laga har vorte flinkare til å registrere medlemmane i Hypersys.

Vi er framleis usikker på korleis medlemstala vil bli påverka av koronaepidemien på lengre sikt og det er viktig å vere synleg ovanfor lokallaga for å vise kva både SOFUL og Noregs Ungdomslag kan tilby av hjelp og støtte til laga.

UL	Medlemstal	Under 26	Status
Balestrand UL	41	16	Aktiv
Bygstad UL	40	4	Aktiv
Dale UL	81	38	Aktiv
Eikefjord UL	-	-	Aktiv
Eikås UL	22		Aktiv
Fjelli UL	60	31	Aktiv
Fjærland UL	138	62	Aktiv
Flekke UL	26	-	Aktiv
Fresvik UL	6	-	Aktiv
Førde UL	73	1	Aktiv
Gaupne UL	-	-	Aktiv
Gjesdal UI	14	1	Aktiv
Haugen UL	-	-	Aktiv
Heimhug UI	9	5	Aktiv
Holmedal UI	17	7	Aktiv
Hyen UL	-	-	Aktiv
Høyanger UI	-	-	Aktiv
Indre Hornindal UL	16	4	Aktiv
Kyrkjebø UL	41	3	Aktiv
Lavikdal UL	42	13	Aktiv
Leikanger UL	86	72	Aktiv
Luster UL	34	8	Aktiv
Lærdal UL	-	-	Aktiv

UL	Medlemstal	Under 26	Status
Naustdal UI	12	3	Aktiv
Olden UL	54	19	Aktiv
Oppstryn UL	46	19	Aktiv
Rand UL	20	11	Aktiv
Solund UL	59	6	Aktiv
Stadlandet UL	42	25	Aktiv
Straumsnes UI	33	9	Aktiv
Stryn UL	10	1	Aktiv
UI Framover	14	-	Aktiv
Undredal UL	53	13	Aktiv
Totalt:	1089	379	33

Oversikt over ungdomslag i Sogn og Fjordane, 2021.



Økonomi

Rekneskapan for 2022 viser eit resultat på - xx-

Vi viser elles til eiga punkt på årsmøtet, Rekneskap og balanse 2022.

to: Markering av at ekteparet Sølvberg
kk pris for deira solide og mangeårige
nsats i folkemusikk- og folkedansfeltet av
orsk senter for folkemusikk og folkedans.